

Søknad om deltaking i
pilotordning for
utprøving av
bygdevekstavgift
for
kommunane
i
Vest-Telemark



Fyresdal



Kviteseid



Nissedal



Seljord



Tokke



Vinje



Vest-Telemarkrådet
Fyresdal • Kviteseid • Nissedal • Seljord • Tokke • Vinje

Forord

VISJON: VEST-TELEMARK - EIN LEVANDE REGION

Vest-Telemark skal vera ein levande region der opparbeidd identitet og kultur vert vidareført saman med innovasjon og nyskaping. Gjennom samhandling over kommunegrenser skal vi gjere regionen attraktiv for busetnad, arbeid og oppleving.

Dette er visjonen til Vest-Telemarkrådet.

Vest-Telemarkrådet er eit regionalt samarbeidsorgan for kommunane Fyresdal, Kviteseid, Nissedal, Seljord, Tokke og Vinje. I regionrådet møter ordførarane og rådmennene i dei seks kommunane. Gjennom samarbeid ynskjer vi å finne dei beste løysingane på felles utfordringar for kommunane.

Vest-Telemarkkommunane søkjer med dette om deltaking i pilotordning for utprøving av bygdevekstavtale.

Innhald

Forord.....	2
SØKNAD FASE I: BYGDEVEKSTAVTALE VEST-TELEMARK	4
Utfordringsbildet	5
1. Synkende innbyggartal.....	5
2. Demografisk ubalanse.....	8
3. Låg vekst i talet på arbeidsplassar	8
4. Kompetansebehov i kommunane	8
5. Statlege arbeidsplassar forsvinn.....	9
6. Bustad og bustadbygging	9
Prosjektskildring	10
Framdrift, organisering, milepælar, ansvar og budsjett.....	12
Vedlegg.....	15
Vedlegg 1: Ettersendast. Vedtak og saksutgreiing frå kommunestyra i alle.....	15
kommunane.....	15
Vedlegg 2: Arbeidsprogram for Vest-Telemarkrådet 2022-2023	15

SØKNAD FASE I: BYGDEVEKSTAVTALE VEST-TELEMARK

Kommunane Fyresdal, Nissedal, Vinje, Tokke, Seljord og Kviteseid søker med dette Kommunal- og distriktsdepartementet om utvikling av ei bygdevekstavtale for Vest-Telemark fase 1. Fire av seks kommunar ligg i sentralitetsklasse 6. Dei to andre ligg i sentralitetsklasse 5.

Vestfold og Telemark fylkeskommune og Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark har delteke på digitale og fysiske arbeidsmøte, kome med innspel til søknaden og støttar opp om arbeidet med bygdevekstavtale.

Koordinator er Vest-Telemarkrådet.

Om Vest-Telemark

Vest-Telemark er fornybar vasskraft, karbonlager i skog og høgteknologiske IT-bedrifter.

Vest-Telemark er flott natur, rotfesta kultur og attraksjonar i verdsklasse.

Vest-Telemark er knutepunkt mellom aust, vest og sør. Ein plass mange besøker eller køyrer gjennom. Tenk om fleire hadde busett seg her?


Vest-Telemark er gode på samarbeid. Vest-Telemark er ein naturleg region der ein har felles bustad- og arbeidsmarknad. Vi har eit etablert regionsamarbeid, og kommunane møtest i tematiske forum og nettverk for å utvikle tenestene. I tillegg samarbeider dei seks kommunane om barnevern, PPT, brann, kraft, bygg, reiseliv, velferdsteknologi og digitalisering. Den einaste SIVA-næringshagen i fylket har hovudkontor i Vest-Telemark. Regionen har ein fleirkjernestruktur med seks kommunesenter som utfyller kvarandre og har ulike funksjonar og tilbod. Ein del av kommunane har satsa stort på hytteutbygging, og det er samarbeid når det gjeld reiseliv. Det blir i for tida arbeidd med ein masterplan og berekraftsertifisering for reiselivet i regionen.

Fem av dei seks kommunane har vedteke klimaplan der alle dei seks kommunane er saman om tiltaksdelen i planen.

Gjennom deltaking i byregionprogrammet fase 2 (2015-2018) såg ein moglegheiter i fleirkjernestrukturen. Kommunane hausta mange erfaringar og la eit godt grunnlag for å samarbeide inn i nasjonale program og satsingar. Vi har kommunar som brenn for å styrke rolla si som samfunnsutviklar. Fyresdal har fram til no vore ein omstillingskommune, men avsluttar dette i 2023. Nissedal og Kviteseid har planar om å søkje om bli omstillingskommunar. Ei bygdevekstavtale vil kunne styrke og trekkje vekslar på dette arbeidet.

Utfordringsbildet

I. Synkende innbyggartal



Tabell 1: Folketalsutvikling i kommunane i Vest-Telemark, 4.kvartal 2000 og 4.kvartal 2022. Kjelde: Statistisk sentralbyrå, SSB

Innbyggjartalet i heile Vest-Telemark var ved inngangen til 4.kvartal år 2000 på 14 757. På same kvartal i år 2022 var folketalet gått ned til 13 938. Dette er ein nedgang på 819 personar; noko som utgjør ca 5,55 %.

Telemarksforskning sitt scenario for 2040 viser ein ytterlegare reduksjon på 5,9 % fram mot 2040, eller den 5. dårlegaste prognosa blant norske regionar. (<https://regionalanalyse.no/artikkel/prognose2021>).

Vi har utfordringar som liknar på andre små kommunar i Noreg. Både folketalsnedgang over tid og framskrivingane frå SSB og Telemarksforskning viser at kommunane i regionen vil få utfordringar både når det gjeld tal innbyggjarar og demografi.

Sentralitet er ein indeks med verdi for kvar enkelt kommune. Indeksen er basert på nærleik til arbeidsplassar og servicefunksjonar. Sentraliteten ligg mellom 0 (kun teoretisk mogleg) og 1000. Desse verdiane er gruppert saman til seks klassar.

Seks kommunar er i klasse 1, 19 kommunar i kl 2, 122 i kl 3 og 4, 113 i kl 5 og 96 i kl 6.


Kjelde: SSB

Kommune	Sentralitet	Innbyggjarar ved inngangen til 2023	SSB sentralitetsindeks	Status samfunnsplanar
Fyresdal	6	1208	497	Ny 2023-2035
Kviteseid	5	2421	593	2018-2030
Nissedal	6	1435	548	2020-2031
Seljord	5	2931	630	2017-2029
Tokke	6	2166	529	2016-2028
Vinje	6	3777	539	2016-2035 (prosess med rullering på gang)


Tabell 2: Sentralitet, innbyggjartal, sentralitetsindeks og status samfunnsplanar. Kjelde: Statistisk sentralbyrå, SSB

Det er stor mangel på eigna bustader i alle kommunane i Vest-Telemark. Bustader om ligg til sals på t.d. www.finn.no viser ein del eldre bygg som treng oppgradering. Småbruksprosjektet (starta i 2020) som vi har stått samla om saman med tre andre kommunar (Drangedal, Hjartdal og Tinn), viser at det er stor etterspurnad etter småbruk og gardar. Etterspurnaden er mykje større enn tilbodet.

I kommunane våre trengst det både eigna leilegheiter, bustadhus, utleigeeiningar, småbruk og gardar slik at tilbodet er variert og godt. Dette er eit langsiktig arbeid som har vore arbeidd med i mange år. Det blir bygd få nye hus i regionen vår. Kostnadene med å byggje nye hus er like stor i regionen vår som i meir sentrale strøk, men verdien på husa fell raskt når nøkkelen står i døra. Då er salsverdien 60-80 % av byggjekostnadene.



Tabell 3: Eksisterande bygningsmasse. Einebustad i 2013 og i 2023 pr kommune. Statistisk sentralbyrå, SSB



Tabell 4: Sjølveigarbustader selt i 2020-2022 pr kommune i Vest-Telemark. Kjelde: Statistisk sentralbyrå, SSB

2. Demografisk ubalanse

Den 1.januar 2023 var det 3 451 innbyggjarar over 65 år i alle dei seks kommunane våre (kjelde: SSB). Det betyr at kvar fjerde innbyggjar er i denne kategorien, og alle prognosar legg opp til at dette skal auke. Forsørgerbyrda blir utfordrande og stiller store krav til kommunane. Det er stort behov for fleire innbyggjarar i yrkesaktiv alder.

3. Låg vekst i talet på arbeidsplassar

Ser ein offentleg og privat sektor under eitt, har veksten i talet på arbeidsplassar i regionen vore på 2,1 % totalt dei siste 20 åra. Det plasserer Vest-Telemark på ein 60. plass av 73 norske regionar. (Kjelde: <https://regionalanalyse.no/rapport/3824/1/1>)

4. Kompetansebehov i kommunane

- Nasjonalt har 35 % av befolkninga over 16 år høgare utdanning.
- Tilsvarende tal for Vest-Telemark er 27,6 %.
- 44,3 % har vidaregåande opplæring som høgaste utdanningsnivå.

- I haustens stillingsslepp, ei samla utlysing av alle ledige stillingar i Vest-Telemark, var det utlyst over 40 stillingar innan helse og omsorg i dei 6 kommunane.
- Det er eit samarbeid mellom kommunane i Vestfold og Telemark og USN (Universitetet i Sørøst-Noreg) om utdanning/etterutdanning/kompetanseheving av hjelpepleiarar og sjukepleiarar. Det blir lagt opp til ei fleksisjukepleiarutdanning.

5. Statlege arbeidsplassar forsvinn

Utviklinga av statlege arbeidsplassar har vore svært negativ. I 2018 var det 202 statlege tilsette i regionen, i 2008 var talet 237 tilsette. Effekten av dette er tilsvarande eit tap av 1500 statlege arbeidsplassar i Oslo.

6. Bustad og bustadbygging

Det er like store kostnader å føre opp ein bustad i Vest-Telemark som i sentrale strøk. Derimot er salsverdien på ein ny bustad i Vest-Telemark 60-80 % av verdien i meir sentrale område.

Som ein del av vår strategi for å styrke bustadbygginga i Vest-Telemark, særleg i område med kommunal sentralitet 5 og 6, vil vi foreslå eit avgjerande tiltak: innføring av full momskompensasjon på bygging av nye bustader.

Vi ser på dette som eit potent tiltak som kan bidra til å redusere den økonomiske belastninga for utbyggarar og stimulere til auka bustadbygging i regionen vår. Ved å redusere byggekostnadene kan vi gjere det meir attraktivt for utbyggarar å investere i nye bustadprosjekt, sjølv i mindre sentrale og perifere område.

Vest-Telemark har eit sterkt engasjement for å utvikle og forsterke bygdemiljøa våre, og vi ynskjer å ta ein leiande rolle i denne innsatsen. Difor føreslår vi at Vest-Telemark blir sett som ein pilotregion for innføring av **full momskompensasjon på bygging av nye bustader**.

Vi trur at eit slikt tiltak ikkje berre vil ha positive effektar for bustadbygginga og den økonomiske utviklinga i Vest-Telemark, men også kan gje verdifull innsikt og lærdommar for andre regionar i landet. Vi er overtydd om at Vest-Telemark, med den unike blandinga av bygdebyar og rurale område, er ein ideell region for å teste og evaluere effektane av eit slikt tiltak.

Vi ser fram til å diskutere denne moglegheita vidare og ynskjer å bidra aktivt til utforminga og implementeringa av tiltaket.

Basert på dette, ynskjer Vest-Telemark å utvikle ei bygdevekstavtale rundt desse tema/måla:

- I løpet av 2026 skal Vest-Telemark bli ein pilotregion for innføring av **full momskompensasjon på bygging av nye bustader**.
- I løpet av 2026 skal Vest-Telemark kunne vise til **positiv befolkningsvekst**, fleire innbyggjarar samanlikna med 2022.
- I løpet av 2026 skal Vest-Telemark ha **vekst i arbeidsplassar i privat sektor** samanlikna med 2022.
- I løpet av 2026 skal alle kommunar ha **høgare andel faglærte** tilsette i helse/omsorg og oppvekst samanlikna med 2022.
- I løpet av 2026 skal det vere minst 20 fleire **statlege årsverk** lokalisert i Vest-Telemark, samanlikna med 2022.

I prosessen med å utvikle avtala kan det bli aktuelt å talfeste desse måla nærare.

Berekraftsmål som vil ligge til grunn for utviklinga av ei bygdevekstavtale:

8 - Anstendig arbeid og økonomisk vekst

9 - Industri, innovasjon og infrastruktur

11- Berekraftige byar og lokalsamfunn

12 - Ansvarleg forbruk og produksjon

17 - Samarbeid for å nå måla

Prosjektskilddring

Å utvikle ei bygdevekstavtale for kommunane i Vest-Telemark må organiserast på ein måte som byggjer på eksisterande samarbeid og strukturar. Det er viktig å finne ein balanse mellom å involvere breitt og samtidig ha tydeleg retning og framdrift på arbeidet. Utvikling av avtala vil kreve innsats frå Vest-Telemarkrådet, kommunane, statsforvaltaren, Vestfold og Telemark fylkeskommune og andre aktørar, men eit viktig premiss for å lykkast er at statleg nivå koordinerer seg, bidreg i prosessen og er viljuge til å bidra til konkrete satsingar på ulike område gjennom ein avtaleperiode.

Det blir lagt opp til ei styringsgruppe med representasjon frå rådet, kommunane, fylkeskommunen, statsforvaltaren, og eventuelt departementet. I tillegg blir det lagt opp til tematiske arbeidspakker med prosjektgrupper som jobbar fram konkrete tiltak som er tilpassa situasjonen i våre kommunar.

Avtala skal utformast på relativt kort tid, og det er viktig å ha ein dedikert administrativ ressurs for å koordinere og drive arbeidet framover. Denne kan vere anten frikjøpt, innleigd eller tilsett. Det er ynskjeleg å behalde kompetanse og nettverk for vidare samarbeid og gjennomføring av tiltak i regionen etter avtaleperioda. Hovudoppgåva til prosjektleiar blir å

koordinere arbeidet i styringsgruppa og arbeidsgruppene, og informasjonsflyten mellom desse. Læring og evaluering undervegs blir viktig, og skal vere eit punkt på alle møte i styringsgruppa. Det er viktig å hauste erfaringar og lærdom som kan vere til nytte for kommunane uansett om ein endar opp med ei bygdevekstavtale eller ikkje.

Det er i tillegg viktig at Vest-Telemarkrådet og formannskap/kommunestyre jamnleg blir orientert om arbeidet.

Arbeidspakke 1: Full momskompensasjon på bygging av nye bustader

Prosjektgruppa har ansvar for å kome med forslag om korleis ein kan teste ut effektar for at Vest-Telemark kan bli ein pilotregion for innføring av full momskompensasjon på bygging av nye bustader.

Aktuelle aktørar: KDD og andre aktuelle departement, kommunalt tilsette på bustad/plan, andre statlege aktørar, private entreprenørar og andre

Arbeidspakke 2: Fleire innbyggjarar

Prosjektgruppa har ansvar for å kome opp med tiltak og ordningar for korleis det kan leggjast til rette for fleire innbyggjarar. Fokus på bustader (både leige og eige) for ulike grupper er heilt avgjerande. I tillegg er arbeidet med bygdelos/bygdevert, som fleire kommunar er i gong med, viktig å trekke inn i dette arbeidet. Auka bustadsattraktivitet med innbyggjarar som trivst og har møteplassar er avgjerande for å lykkast.

Aktuelle aktørar: Kommunalt tilsette på bustad/plan, Husbanken, VTFK

Arbeidspakke 3: Vekst i privat sektor

Prosjektgruppa har ansvar for å kome opp med tiltak og ordningar som skapar fleire private arbeidsplassar i Vest-Telemark. Dette kan til dømes vere forsterka gründeratsing, målretta oppfølging av eksisterande bedrifter, etablering av avdelingskontor for større bedrifter med hovudkontor i større byar, rekruttering, utprøving av nye verkemiddel, attraktive kontorfellesskap og næringshagar og vidareføring av eksisterande satsingar i eigenregi.

Aktuelle aktørar: Næringssejane, Telemark Næringshage, næringsforeiningar, VTFK næring, SIVA, Innovasjon Norge

Arbeidspakke 4: Høgare andel faglærte

Prosjektgruppa har ansvar for å kome opp med tiltak og ordningar som gjev kommunane tilgang på meir faglært arbeidskraft. Dette gjeld både å leggje til rette for at tilsette kan oppnå

formalkompetanse, etter- og vidareutdanning for tilsette som sikrar relevant og oppdatert kompetanse på prioriterte felt, tiltak for å bruke kommunen som opplæringsarena for unge og fokus på lærlingplassar og rekruttering. Det er viktig å byggje vidare på kartleggingar og ordningar som har vore/er gjort.

Aktuelle aktørar: Kommunalsjefar helse og oppvekst, VTFK, USN, UDIR, NAV, NHO, fagforeningar, andre aktørar innan arbeid og inkludering i regionen

Arbeidspakke 5: Statlege arbeidsplassar

Prosjektgruppa har ansvar for å finne ut korleis ein kan sikre fleire statlege arbeidsplassar i regionen. Det er viktig å identifisere kva område som kan vere aktuelle, og det er naturleg å sjå føre seg ein kombinasjon av styrking av eksisterande fagmiljø, utflytting av arbeidsplassar, utlysing av stillingar i embetsverket der ein kan jobbe frå Vest-Telemark, hospiteringsordningar med meir.

Aktuelle aktørar: Politisk og administrativ leiding i kommunane, VTFK, Vest-Telemark Næringsbygg, næringshagane i regionen, KDD, Statsforvaltaren, andre statlege aktørar

Framdrift, organisering, milepælar, ansvar og budsjett			
Når	Kva	Kven/ansvar	Budsjett
Haust 23	Rekruttering av prosjektleiar	Vest-Telemarkrådet	1,2 millionar (dekker lønn, sosiale kostnader, kontor, utstyr, reiseutgifter, mm)
Vår 24	Oppnemning av styringsgruppe	Deltakarar: - Vest-Telemarkrådet/prosjektleiar - Kommunane - Vestfold og Telemark fylkeskommune - Statsforvaltaren - Kommunal- og distriktsdepartementet	50 000,- Det blir lagt opp til 8 fysiske arbeidsmøte, i tillegg til kortare statusmøte på Teams.

V24	Organisering av arbeidsgrupper	(Sjå over)	100 000,- Det blir lagt opp til 5 arbeidsmøte i kvar gruppe, i tillegg til kortare statusmøte på Teams.
-----	--------------------------------	------------	--

Det blir lagt opp at det fyrste møtet i styringsgruppa og arbeidsgruppene blir eit felles oppstartsseminar der ein går gjennom rammene og måla for prosjektet.

V24	Januar - Mai <i>Moglegheitsfase</i> Styringsgruppa og arbeidsgruppene i arbeid. Viktig fokus i denne fasa er å få fram alle moglege idear og tiltak. Her vil det bli behov for at (delar av) gruppene har temamøte med eksterne for å få innspel.		50 000,- til eksterne møte
V24	Regional ungdomsrådssamling Vest-Telemarkrådet har god erfaring med å samle ungdomsråda til møte for å diskutere felles utfordringar, og det er naturleg å leggje opp ei samling med bygdevekstavgift som tema. Dette må leggjast opp slik at dei får eit skriftleg utgangspunkt som skal diskuterast på kommunale ungdomsrådsmøte, og at dei tek med seg sine forslag og meiningar inn i fellesmøtet.	Prosjektleder Ungdomsråda Representasjon frå styringsgruppe og arbeidsgrupper.	60 000,-
Mai24	Status i Vest-Telemarkrådet	Prosjektleder, representant frå styringsgruppa	
Mai/juni 2024	<i>Oppsummeringsfase</i> Gruppene konkretiserer og sorterer innspel, vurderer kva	Styringsgruppa og arbeidsgruppene	40 000

	som må sjekkast ut og avklarast og lagar ein oversikt over prioriterte tiltak på kvart område. Eit viktig fokus her er forventningar til statleg nivå på deira bidrag.		
Aug.24	Status i Vest-Telemarkrådet	Prosjektleder, representant frå styringsgruppa	
Aug/sept 2024	<i>Avtalefase</i> Tiltaka blir konkretisert og avtaleutkast utarbeidd. Ved behov må politisk leiing i KDD og i kommunane koplast på.	Prosjektleder, styringsgruppe, arbeidsgrupper	
1.okt 24	<i>Siste frist avtaleutkast</i>		
Okt/nov 24	<i>Vedtaksfase</i> Avtala går til vedtak i kommunestyra i dei seks kommunane.	Prosjektleder	
15. nov 24	<i>Frist for lokalpolitisk handsaming og innsending av avtale til KDD</i>		
SUM			1 500 000

Vedlegg

Vedlegg 1: Ettersendast. Vedtak og saksutgreiing frå kommunestyra i alle kommunane

Vedlegg 2: Arbeidsprogram for Vest-Telemarkrådet 2022-2023